

Skogstur med mange spor etter landbruksdrift

Langs denne gamle bufarvegen kan du sjå far etter folk og aktivt landbruk fleire hundre år attende i tid.

Ved Samhald kan du handle med deg lefse eller gommokaku hjå Leveld lefsebakeri. Derifrå går du gardsvegen om lag 500 meter oppover til Løkensgard. Ta av frå vegen opp gjennom skogen, følg skilting og raude merke. Du vil koma på den gamle Gardavegen – som var ei viktig ferdselsåre mellom gards- tuna i Nordbygdene. Ved grinda ned til

tunet på Løkensgard tek du opp til høgre og følgjer den gamle bufarvegen oppigjennom lia. Følg raude merke som tek deg fram til fredlausehola

Vidare oppover vil du passere fine steingjerde. Gå gjennom leet og ta til venstre, følg steingjerde fram til Nedrestølen. Her ser du kulturlandskap og nedrasa fórløe på heimstøl som vart onna fram til andre verdskrig.

Fortsett opp lia til Gamlestølen, der er fleire tufter, mellom anna etter ei tømra løe. Vidare 50 meter rett opp bakken ligg øvre Gamlestølen, med tufter etter fleire hus, mellom anna ei bu med peis.

Frå Gamlestølen følgjer du den gamle bufarvegen gjennom leet i steingjerdet på austsida av vollen. Fint opplagt med stein går vegen tydeleg gjennom beitemark og tett skog opp til Veslestølen (fleire tufter øverst på vollen). Vegen er stykkevis fint mura med svingar i bratt terreng før ein kjem opp på Løkensgardfeten. Her støla kjerringa på Løkensgard fram til i 1915. Dette var siste heimstølen som var i bruk på Løkensgard, vår og haust.


Derifrå følgjer du steingjerdet langs stølsvollen fram til Fetjastølvegen ved Myset. Gå attende same vegen.





For meir detaljert kart: Reineskarvet 1:50 000


Turen kan du og gå med utgangspunkt frå Myset.


Ola Olsen hadde drepe Eivind Arnfinnson Veslehaugen i eit samver i Kyrkjedeld i 1737. Han fekk dødsdom for dette, men rømde og vart då lyst fredlaus. Han heldt seg mykje på Vestlandet, men her ved garden fekk han hjelp av folket sitt. Han hadde fleire holer som han budde i. Til slutt vart han teken og avretta på Gullhagamoen i 1744. (Kjelde: Ål bygdesoge III, side 633)

 Følg Nordbygdvegen til Samhald (9 km frå Hallingmøbler, fylkesv. 224) eller ta av frå Nordbygdvegen opp Fetjastølvegen. Køyr opp til Myset (omlag 2 km). Betalingsbom til Myset.

 Ved Samhald i Leveld eller på P-plass på Myset.

 30 minutt ned/45 minutt opp. Omlag 2 km ein veg. 650–930 moh.

 Fredlaushole, gamle stølsvollar og – tufter og steinggardar (steingjerde). Leveld Lefsebakeri

 Bratt, men god stig.

